



TIL BEBUARAR, TILSETTE, PÅRØRANDE OG ANDRE LIVSKVALITETSPROSJEKTET PÅ SELJETUNET

Her kjem ei oppsummering av kva som har skjedd so langt i prosjektet, og kva som blir jobba med no framover. Frå starten av og framleis, jobbar ein med å gjere prosjektet kjent for alle.

Samle inn innspel, idear og tankar om kva vi treng/ønskjer oss .

Ein har sendt ut brev til bebuarane, plakatar, oppslag i media og prosjektet er tema på kvart personalmøte og på pårørandemøtet. Prosjektet har ei arbeidsgruppe som skal arbeide med innspela som kjem inn, prioritere og sette i verk tiltak. Dette kan vere alt frå å bestemme innkjøp av diverse ting, endring av rutinar, arrangere kurs med meir.

So langt har gruppa hatt 2 møter og skal snart på synfaring på Åse sjukeheim for å sjå og lære.

Seljetunet skal framover ha mykje meir fokus på *Gyldne augeblikk*.

Vi ynskjer å ha fokus på alle dei flotte augeblikka som oppstår mellom mennesker kvar dag.

Ha ein kultur der tilsette deler desse og lære av kvarandre. Og ikkje minst har fokus på korleis vi kan legge til rette for endå fleire og meir av dei *Gylden augeblikka*. Det kan vere ei nær og god samtale, ei roleg stund ilag, få høyre favoritt programmet ditt på radio, muligheita å ta del, vere med, oppleve meistring, oppleve/ sjå noko nytt. Vere ute og nyte sola. Kjenne at du har det godt og leve *heile* livet Det handlar mykje om korleis vi jobbar, rutinar, bemanning og tid.

Her har vi so langt tre konkrete tiltak:

- I august kjem spesialist i eldrepsykologi, Lise Næss frå Senter for gerontologi og skal halde eit kurs for alle tilsette inkl. leiing. Kurset handlar om kvalitetssikring på sjukeheimar.

Endring, motivasjon og muligheiter.

- Ein skal no til med intervju av bebuarane. Det handla kort sagt om å finne ut korleis ein har det no, og kva dei ynskjer og treng for å ha det betre. Det er primærkontaktane som skal ha denne samtala med sin pasient. Dette vil gi auka kunnskap om behov og ynskjer som igjen gjer det lettare å legge til rette for individuell behandling og trivsel her på Seljetunet. (Pårørande vil bli kontakta v/ behov.)

- Det vil og bli jobba opp mot politikarane i høve å prioritere ein aktivtør i fast stilling på Seljetunet.

Ein stor del av å ha god livskvalitet er fysisk aktivitet, vere ute , snakke ilag og det å oppleve ting. Det har allereie kome inn masse innspel frå tilsette, bebuarar og andre. Nokon vil ta lengre tid ein andre å få gjennomført, men ein del har vi allereie gjort/sett i gang og ein del er rett rundt hjørnet☺

Sidan januar har vi hatt kino, påskedans med levande musikk og seniordansarane, kjøpt inn El sykkel med plass til to passasjerarar og vi har fast felles trim på huset kvar måndag.

Kommande arrangement er klassisk konsert på søndag 22. april.

Ein kan og sjå på kalenderen at vi skal lage ein heilaften og heie fram Norge på Melodi Grand prix.

Alle som vil er velkommen å sjå på storskjerm her ☺



Neste kino blir på større lerret og rullegardiner i staden for tepper ☺



Det skal kjøpast inn solhattar, solstolar, mindre kaffi kanner, høgtalarar, rullegardiner til foajeen og andre «småting» som skal gjere huset meir brukarvenleg og tilrettelagt for eigenorganiserte aktivitetar.

Det er kjøpt inn eit kinolerret som skal nyttast til kommande kinoar.

Tanken er og at i mellom filmframvisningar kan ein ha diverse bilde framvisingar.

Ein har allereie gode samarbeid og tiltak som betyr mykje for alle på Seljetunet.

Her er besøk av pasientvennane, saniteten kjem innom med sal av varer, her er fotpleiar, fysioterapeut og frisør som kjem innom til faste tider og prest som held andakt nokre gangar for året. Siste tida har ein hatt musikk kafear v/ Hildegunn Vederhus. I forbindelse med Den kulturelle spaserstokken. Og ikkje minst kjem det mykje familie og venner innom ☺



Nytt no etter prosjektet er ei avtale med Selje barnehage om fast_besøk kvar fredag. ☺

Og Sentrum Spelemannslag som spelte opp til påskedans her, kjem til å ha nokre av sine øvingar her på huset.

Sentrum Spelemannslag ilag med seniordansarane



Har du ein ide/noko du vil bidra med? Ta kontakt

PS! Ein må ikkje ha store idear/ opplegg.

Det er utruleg koseleg og like viktig at folk kjem innom ☺

På vegne av Seljetunet

Prosjektkoordinator Maria Helgesen 95869223

Lik gjerne Facebooksida til Seljetunet ☺